



Alternativ budsjett for 2024

Eit Raudt skritt mot eit fylke med mindre ulikskap
og meir inkluderande lokalsamfunn

Auka forskjellar krev eit sterkt fylke som kjempar mot ulikskap. Raudt Vestland viser at det er mogeleg

Raudt Vestland legg med dette fram eit heilskapleg budsjett for 2024 som reverserer ei rekke av fylkesdirektøren sine framlegg til kutt. Dyrtida har bitt seg fast, med auka prisar på mat, drivstoff og straum, samt renteauke og fare for resesjon i byggenæringa. Det er kritisk viktig at fylkesbudsjettet verkar omfordelende og utjamner økonomisk og sosial ulikskap i Vestland, der tusenvis står i matkø, før jula setter inn.

Vi salderer budsjettet vårt med å kutte 11% i den totale politikargodgjersla på 56 millionar. Fordi vedteken lønspolitik for fylkesdirektøren fremjar moderasjon legg vi til grunn ei lønsutvikling for direktørane på 0,001 promille dei neste 4 åra. Vi kuttar i konsulentbruk fordi det er fleire sektorar der avvikling av anbod, og eigenregi på mellom anna reinhald og kollektivtrafikk, gjer det naudsynt å ha ein fast stab innomhus. Øvrig saldering kjem ved at vi set ned driftsoverskotet med 2,6 %. Vi meiner dessutan at regjeringa bør komme med ein større kompensasjon for prisauke enn anslaget på 4,3% som ligg til grunn i statsbudsjettet, og vi legg difor dette til grunn for nedtrekket i driftsoverskotet.

Vi vil sikre at fylkeskommunen skal praktisere retten til heil stilling og arbeide for at fylkeskommunen skal gjennomføre forsøk med sekstimars arbeidsdag som kan gjere det mogleg med heil stilling for yrkesgrupper som treng kortare arbeidsdag, dette vil og vere eit viktig steg for kvinnefrigjeringa.

Oppdrag og innkjøp skal vere avgrensa til leverandørar med landsdekkande tariffavtale, gode arbeidsforhold og læreplassar, for å forhindre sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. Raudt vil i denne perioden arbeide for at Vestland fylkeskommune skal vidareutvikle gode rutiner i sin eigen modell for seriøsitetskrav.

Utifrå omsynet til elevane sitt ve og vel etter pandemitida, og den påfølgande lærarstreiken med tvungen lønsnemd, er det naudsynt å styrke laget rundt elevane og lærlingane våre. Difor reverserer vi alle kutt i opplæringssektoren, og vidarefører det som er såkalla meirutgifter frå 2022 på tiltak som ikkje er lovpålagd, som skulefrukost, miljøkordinatorar, meningokokkvaksine, sanitetsprodukt og ikkje minst skulepsykologane. Dessutan styrkar vi kontaktlærerressursen og set inn ekstra tiltak for elevar med norsk som andrespråk. Slik Raudt ser det, må det prioriterast å sikre forebygging av psykiske helseutfordringar, ved å ha systematisk strukturarbeid retta inn mot skulene og opplæringskontora, for å skape god kultur for sunn psykisk helse og eit godt arbeidsmiljø. Vi kjem også med ein rekke verbalpunkt, som mottiltak for signala i kvalitetsmeldinga for opplæring og resultatata frå elevundersøkinga som viser auke i mobbing og uønska opplevingar. Desse tiltaka kan, avhengig av budsjettet, gjennomførast i opplæringssektoren, for å betre vilkåra for lærarar, elevar og lærlingar.

Det er viktig for Raudt at vi får ned utsleppa på rettferdig vis. For at fleire i tettbygde strok kan nytte kollektivtilbodet, reverserer vi kutta i rutetilbodet, og set ned takstane. Dette er

viktig for dei med dårligst råd. Det skal vere gratis å nytte kollektivtilbodet for born opp til 18 år, studentrabatten skal gjelde uansett alder, og minstepensjonistar og uføre skal reise gratis. Dessutan satsar vi på sjøvegen, den er vedlikehaldsfri og effektiv i kystfylket, og set inn eit ekstra stopp på Nordhordlandsruta hurtigbåt i Salhus. Vi vil ha gratistilbod på kollektivtrafikken i områder og periodar der det er mykje aktivitet.

Det er beklageleg at regjeringa ikkje kjem med tiltak som kan bryte med markedsliberalismen sitt jag etter profitt på straumprisar. Krafta vår er infrastruktur, som ikkje hører heime på den frie marknaden. Raudt jobbar for ENØK-tiltak, for å ta straumen av børs, og for å sette eit pristak for private hushaldingar og industrien på maks 35 øre kwh. Vi avviser vindkraftsatsinga på land og til havs, og tek avstand frå nedbygging av natur og økosystem i jakta på meir kraft. Den reine vasskrafta må komme innbyggjarar og næringsliv til gode, fordi det er slik vi skapar arbeidsplassar i distrikta, ikkje med å byggje ned meir natur. Vi omdisponerer i vårt budsjett, med å saldere ei rekke subsidiar til dyre konsulent og PR-selskap.

Raudt er uroa over at fylkesdirektøren og det store politiske fleirtalet vel å utsette investeringar i nullutslepps fartøy på hurtigbåtanboda. Vi treng aktivitet i næringslivet, for at sysselsettinga skal halde fram. Det vil seie at det offentlege må halde fram med oppdrag som kan komme norske verft og lokalt næringsliv til gode. Dessutan er klimaet avhengig av at det offentlege tar sin del av utsleppskutta. Raudt vil difor jobba vidare i sitt budsjettarbeid for 2025 med investering på nullutslepp, og for at regjeringa skal komme på bana i alternativt statsbudjett med kompensasjon for dette i 2024.

Raudt vil prioritere beredskap, rassikring og vegutbetring i samferdslesektoren, og vil prioritere vedlikehald på fylkesvegnettet. Trygge vegar i distrikta er viktig for liv og helse og for å trygge gode bu- og levekår for befolkninga og næringslivet. I eit beredskapsperspektiv er vi også nøydd å prioritere ei auka satsing på land og småbruka, og verne om naturen.

Internasjonalt er verda prega av store geopolitiske utfordringar, med ein langvarig pågåande krig i Ukraina, og no nyleg eit uforholdsmessig pågåande angrep på sivilbefolkninga på Gazastripa, noko som skapar ringverknadar heilt hit på Vestlandet. Fylkestinget har tidlegare støtta Ukraina med humanitær hjelp, og det er no tida for å støtte sivilbefolkninga på Gaza, der fleir born har døydd på 7 veker, enn det har døydd born i noko anna konfliktsone sidan 2019 på verdsbasis.

Folkehelse, kultur og fritidsaktivitetar er eit politikkområde som treng satsing for å utjamne ulikskap og bote på levekårsutfordringar. Vi satsar på å styrke tannhelse strukturen, med fleire klinikkar, og rekruttere tannleger, samt innføre ein tannhelse-los for å sikre tilgang til tannhelsetenesta med å auke mobilitet for pasientgrupper med demens og andre utfordringar. For å rulle ut tannhelsereforma, treng vi å styrke den offentlege tannhelsetenesta i heile fylket. Vi prioriterer å auke løyvingsnivå til fysisk aktivitet, inkludering og kulturutvikling, og satsar på desentralisering av kultur og og leselyst med å løyve støtte til Litteraturbåten Epos. Vestland fylkeskommune er Antirasistisk sone, og det krev løyvingar for å sikre at vi fyller denne statusen med konkret innhald, difor stettar vi DIME (Diskriminerings og meklingbenken) og sett av ein søkbar pott til antirasistisk arbeid.

Det er dessutan viktig for Raudt at dei aller mest marginaliserte blant oss blir sett og anerkjent, ved å oppretthalde deira rett til eit verdig liv med tilgang til sine menneskerettar. Vi satsar på vidare samarbeid med organisasjonar som Kirkens bymisjon, mennesker i Limbo og Kia, samt Robin Hood huset i Bergen, for å sikre at papirlause i fylket får tilgang til helsetenester, opplæring, tannbehandling og kollektivtilbod. Vi vil dessutan satse på rusettervernet, då vi veit at store kutt i helseforetaka no gjev trugsmål om nedlegging av sårt tiltrenge tilbod for innbyggjarar med behov for hjelp innan rus og psykiatri.

Raudt Vestland sitt alternative budsjett vil sikra at fylkeskommunen fungerer som ein buffer imot dei aukande forskjellene og utsleppa i Vestland.

Raudt Vestland sitt Budsjett for 2024		
Salderingar	Inntekter	Utgifter
1 Nedsetting av driftsoverskottet	472 235 200,00 kr	0,00 kr
2 Justering av politikergodtgjersle*	8 000 000,00 kr	0,00 kr
3 Justering av Reise og Kurs	10 000 000,00 kr	0,00 kr
4 Kronetillegg for fylkesdirektørane	700 000,00 kr	0,00 kr
5 Justering av konsulentbruk	30 000 000,00 kr	0,00 kr
Sum Salderingar	520 935 200,00 kr	
Samferdsle og Mobilitet		
6 Vedlikehald av fylkesvegar*	0,00 kr	45 000 000,00 kr
7 Fortsatt drift av Utne-Kinsarvik sambandet	0,00 kr	19 000 000,00 kr
8 Redusere takster for kollektivtransport*	0,00 kr	72 000 000,00 kr
9 Reversere auke i takster for kollektivtransport	0,00 kr	48 000 000,00 kr
10 Reversering av rutekutt på buss og bane	0,00 kr	60 000 000,00 kr
11 Auka rekrutering av Busssjåførar*	0,00 kr	5 000 000,00 kr
12 Permanet sumarrute for Jondal - Tøvikbygda	0,00 kr	5 000 000,00 kr
13 Reversere kutt i Sunnhordalandsruta	0,00 kr	12 000 000,00 kr
14 Reversere kutt av Godsbåt Bergen - Gulen/solund	0,00 kr	5 000 000,00 kr

15 Stopp i Salhus for Nordhordalandsruta*	0,00 kr	3 000 000,00 kr
Sum SAMO	0,00 kr	274 000 000,00 kr
Opplæring og Kompetanse		
16 Reversere kutt til fagskulen	0,00 kr	7 500 000,00 kr
17 Reversere kutt til VGS-drift	0,00 kr	42 500 000,00 kr
18 Meirutgifter tiltak frå 2023 vidareført*	0,00 kr	7 000 000,00 kr
19 Skulepsykolog	0,00 kr	5 000 000,00 kr
20 Drift Manger Folkehøgskule	0,00 kr	800 000,00 kr
21 Hyssingen- og Hardanger Produksjonsskule	0,00 kr	6 000 000,00 kr
22 Fagbrev på jobb	0,00 kr	10 000 000,00 kr
23 Ekstra støtte til Kontaktlærer*	0,00 kr	15 000 000,00 kr
24 Norsk som 2. språk*	0,00 kr	10 000 000,00 kr
25 Opprette ny avdeleing Kyrre*	0,00 kr	8 200 000,00 kr
26 Miljøkoordinator	0,00 kr	8 000 000,00 kr
27 Utvide satsing på lågterskel psykisk helse*	0,00 kr	5 000 000 00 kr
28 Etablere lærlingråd i fylket*	0,00 kr	1 000 000,00 kr
29 Drift av skulebibliotek	0,00 kr	5 000 000,00 kr
30 Tidleg i lære (TIL) tiltak*	0,00 kr	2 000 000,00 kr
31 Styrke mobbeombudet	0,00 kr	1 000 000,00 kr
32 Grunnskuleopplæring for vgs-elevar*	0,00 kr	1 000 000,00 kr
Sum Opko	0,00 kr	130 000 000,00 kr
KULI		
33 Prisjustering tilskotsordningar	0,00 kr	4 000 000,00 kr
34 Støtte Litteraturbåten EPOS*	0,00 kr	2 000 000,00 kr
35 Antirasistisk sone tilskotspott	0,00 kr	2 500 000,00 kr
36 Støtte til DIME*	0,00 kr	1 000 000,00 kr

37 Tiltak for å betre papirlause sin situasjon	0,00 kr	3 400 000,00 kr
38 Støtte til Robin Hood huset	0,00 kr	1 000 000,00 kr
39 Støtte til Vaksdal Mølle	0,00 kr	3 600 000,00 kr
40 Støtte til Oselvar-verkstaden	0,00 kr	400 000,00 kr
41 Auke løyvingsnivå fysisk aktivitet og innkludering*	0,00 kr	7 000 000,00 kr
42 Auke løyvingsnivå kulturutvikling*	0,00 kr	7 000 000,00 kr
43 Støtte til Spillhuset Bergen	0,00 kr	300 000,00 kr
44 Humanitær hjelp til Gaza*	0,00 kr	1 000 000,00 kr
45 Støtte til Jølstrahuset	0,00 kr	400 000,00 kr
46 Bygningsvern*	0,00 kr	1 000 000,00 kr
Kuli	0,00 kr	34 200 000,00 kr
Tann- og Folkehelse		
47 Rusettervern*	0,00 kr	3 000 000,00 kr
48 Folkehelse*	0,00 kr	10 000 000,00 kr
49 Driftsmidlar til Rådgiving om spiseforstyrrelser	0,00 kr	1 500 000,00 kr
50 Auka rekruttering til Tannhelse*	0,00 kr	8 000 000,00 kr
Auke mobilitet for sårbare pasientgrupper i 51 tannhelse*	0,00 kr	5 000 000,00 kr
Sum Tann- og Folkehelse	0,00 kr	27 500 000,00 kr
Næring		
52 Auka satsing på land- og småbruk	0,00 kr	10 000 000,00 kr
53 Naturvernstiltak	0,00 kr	4 000 000,00 kr
54 ENØK tiltak	0,00 kr	8 000 000,00 kr
55 Saldering*	15 935 000,00 kr	0,00 kr
Sum Næring	15 935 000,00 kr	22 000 000,00 kr
	Totalt Inntekter	Totalt utgifter
Totalsum	536 870 200,00 kr	487 700 000,00 kr

Investeringsbudsjett	2024	2025	2026	2027
Olsvikåsen aktivitetsanlegg	16 000 000 kr			
Atløysambandet(1)	6 000 000 kr	30 000 000 kr		
Opprette fleire tannklinikkar	10 000 000 kr	10 000 000 kr	10 000 000 kr	10 000 000 kr
Utstyrsmidlar VGS	15 000 000 kr			

Noter til budsjett:

2. Sjå verbalpunkt 10.
6. Sjå verbalpunkt 15.
8. Inkluderer rabatt lærlingar, fjerne alder for studenrabatt, gratis uføre, minstepensjonistar og under 18år. alle sonar, sjå verbalpunkt 6 og 9.
11. Rekrutteringsstrategi og Tiltak for å få fleire bussjåførar, då det er mangel på det. Sjå verbalpunkt 9.
15. Sjå verbalpunkt 2.
18. Sanitetsprodukter, vaksinar, skulefrukost og m.m. er inkludert her
23. Ressurspott for støtte til å auke talet kontaktlærarar
24. Sjå verbalpunkt 1.
25. Sjå verbalpunkt 7
27. Basert på erfaringane frå prosjektet ved Firda vgs med Gloppen kommune. Sjå verbalpunkt 12.
28. Etter model frå Trøndelag fylkeskommune, sjå verbalpunkt 3.
30. Oppstart Kvam VGS jamfør vedtak i opplæringstilbod-saka 22.11.23
32. Erstatte Pitstop
34. Sjå verbalpunkt 11.
36. <https://dimenorge.org/>
41. Breddeidrett og tiltak med fokus på antirasisme, forebygging av mobbing og diskriminering og for brei inkludering med universell utforming.
42. Prioriterer breddekultur og satsar på kulturarbeidare i heile fylket
44. Sjå også verbalpunkt 16
46. Sjå verbalpunkt 13
47. Blir gitt for å støtte Tronvik og ROP-posten jamfør interpellasjon i fylkestinget.
50. Tilskott tannlegeutdanning mot bindingstid i distrikta
51. Sjå verbalpunkt 8

lvesteringsbudsjett:

1. Sjå verbalpunkt 14

[Verbalframlegg Raudt Vestland 2024](#)

1. Integreringsloven har gitt fylkeskommunen eit nytt og stort ansvar innan opplæringa. Dette ansvaret må fylket ta. Det er stort behov for kompetanseheving

og satsing på norsk som andrespråk i vidaregåande skule. Mange elevar går i vidaregåande skule utan å få utbytte fordi dei ikkje praktiserer norsk godt nok, men etter integreringslova er det no vidaregåande som har ansvar for norskopplæringa for denne gruppa. Samstundes som gruppa skal få grunnleggande språkopplæring, skal dei også få den naudsynte kompetansen i alle dei relevante vidaregåande faga.

Fylkestinget vil ta ansvaret på alvor og ber om ei sak som syner korleis fylkeskommunen skal følge opp denne gruppa innan juni 2024. Saka skal syne kor omfattande behovet for opplæring for elevar med norsk som andrespråk er, og korleis vi skal kunne tilby ein adekvat opplæring innan alle fag, ikkje kun norsk, og kva for kompetansebygging i skuleverket som er naudsynt.

2. Hurtigbåt Stopp i Salhus blir lagt inn i Nordhordlandsruta, samstundes som det blir køyrt i gang ein kampanje for denne pendlarruta, med fokus på gevinstane med å bidra til mindre kø, trafikk og kaos ved å ta sjøvegen og fordelane med å ta seg god tid på båten.

3. Lærlingråd blir oppretta i Vestland fylkesting slik Trøndelag har lyktes med. Lærlingrådet skal ha eit ansvar for å arbeide for at lærlingar sine rettar sikras, og at dei skal ha ein betre arbeidsdag/kvardag. Dei skal jobbe tett med fagforeiningane, EO, elev- og lærlingombudet, ungdommens fylkesting samt følgje og gje innspel til Y-nemnda, OPKO og bli høyrte i andre sakar som er relevante for lærlingar i fylket mellom anna i dialog med psykologteamet.

4. Vestland fylkeskommune skal ikkje kjøpe inn IKT utstyr frå HP og andre leverandørar som kan knyttast til dei selskåpa lista opp hos BDS sin liste over selskap som tener på apartheid og okkupasjon av Palestina.

5. Vestland fylkesting ønskjer å bevare gratis-prinsippet i skulen, med gratis Elev PC- ordning og ber om ei sak som syner kva det vil koste å fase ut egenandelsordningen innan år 2027.

6. Fylkestinget går inn for at takstane på kollektivtrafikken over tid skal reduserast og blir gratis på visse tider og i sterkt befolka områder. Takstreduksjon har i Vestfold og Telemark vist at inntekt går opp fordi fleire nyttar kollektivtrafikk **derfor er det vesentleg å senka takstane, og opperthalda tilbodet for å sikra ein stødig inntekt i mobilitetssektoren, samt sikra eit godt tilbod for alle som bur i Vestland.** **Fylkestinget ber om ei sak til neste budsjett, som syner kva dette vil koste, med ei prognose på inntekt og utgift ut 2027.**

7. Fylkestinget ber i samband med struktursaka i opplæring, om ei sak som syner korleis og kor ein kan innføre fleire lokale tilbod for elevar med psykiske vansker i vidaregåande skule lik det som Kyrre i Bergen tilbyr, og sikre betre overgangar mellom ungdomskole og vidaregåande med å mellom anna innføre TIL (Tidleg i lære) ved fleire vidaregåande skular, i samband med kommunar som ønskjer dette.

8. Vestland fylkesting ønskjer at VLFK inngår i eit pilotprosjekt samarbeid med kommunane for auka mobilitet for sårbare pasientgrupper/kompensasjon for

transport til og frå. F.eks ved å innføre ein «tannhelse-los» som skal sikre alle i kommunane nærleik til tannhelse.

9. Vestland fylke skal auke opp antal helgeruter mellom Førde og Bergen.
Ekspressrutene sine takstar skal harmoniserast med fylkestakst.

10. Fylkestinget vil klargjere [forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune](#) med følgjande formulering: Det skal ikkje vere mogleg å tene over 100 % politikargodtgjersle, alt utover dette blir avkorta. Om ein har fulltidsverv i andre organ på andre politiske nivå, slik som ordførarverv, frarår fylkestinget at ein blir vald inn i fylkesutvalet eller mottar gruppeleiargodtgjersle.

11. Epos litteraturbåt - er eit enormt viktig distriktstiltak som lågterksel kulturtilbod med fokus på litteratur, ikkje minst har dei satsa stort på nynorsk. Vestland fylkesting vil bidra til å styrke leselysten og kulturtilbodet i distrikta, ved å sikre at alle kommunar som ønskjer det, får høve til å nytte seg av tilbodet.

12. Vestland fylkesting vil vidareføre “pilotprosjektet lågsterkeltiltak i mellom Gloppen og Firda” til å gjelde andre plassar i fylket, det skal også vurderast bruk av musikkterapauter i laget rundt eleven, fylkestinget ber om ei sak som syner korleis dette kan la seg gjennomføre.

13. Fylkestinget anerkjenner fylkeskommunen si viktige rolle innan Bygningsvern - og vil utvikle samarbeid med opplæringssektoren for å vidareføre håndverksfaget i lag med kulturavdelinga om bygningsvern. Fylkestinget ber om ei sak som syner potensialet i eit breiare samarbeid mellom dei som arbeidar med våre lovpålagte oppgåver på bygningsvern, og dei som jobbar med tradisjonelle handverksfag anten i vidaregåande skule eller/og fagskulen.

14. Fylkestinget vil gå inn for oppstart av Atløysambandet i 2024.

15. Vestland fylkesting går inn for å framskynde Storelva prosjekt for brubygging ved FV60 i Stryn, som eit beredskapstiltak, NVE avventar svar frå fylkeskommunen snarast.

16. Fylkestinget vedtar å gi støtte til Redd Barna og Norwac sitt arbeid for å redde liv i Gaza.

17. Vaksdal og Dale som del av Sone A for Skyss.

18. Ingen midler fra Vestland Fylkeskommune gitt gjennom Grøn Region Vestland skal gå til havvind-prosjekter.

19. Vestland fylkesting ønskjer velkommen gode system for oppfølging av seriositetskrava internt, ved alle byggeplassar der fylkeskommunen er byggherre. Fylkestinget vil difor be fylkesdirektøren om at det vert dedikert ressursar og tid slik at fagforeiningane knyta til bygg og anlegg, Fair Play Bygg, har ein kontaktperson i administrasjonen, som aktivt samarbeidar for å førebyggja sosial dumping og arbeidslivskriminalitet eller andre brot på lov og avtaleverk der fylkeskommunen er

byggherre og oppdragsgjevar. Fylkestinget ber fylkesdirektør leggje seriøsitetskrava tilgjengeleg på vlfk.no.

20. Fylkestinget ber fylkesdirektøren om ei sak som syner korleis og kva det vil koste fylkeskommunen å bidra til nullvisjon av skade og dødsfall i trafikken for dei minste borna i fylket, ved å støtte skulesekkar for elevar på 1. trinn med godt synlege og dekkande refleksar på. [Etter modell frå Trøndelag](#).